



Rune Kråkenes Bårøy
Bårøyna 2
5970 Byrknesøy

Referanse nr.	Saks nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/53663	26/5732	Per Atle Arefjord - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no	0/0 - 0	05.06.2026

KV 1051 til eigedom 51/499 - Søknad om utvida bruk av avkjørsel

Delegasjonssaks nr. Utval
DS 523/2026 - Delegert sak Plan- og bygningsutvalet

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune godkjenner søknad om utvida bruk av avkøyrsla til kommunal veg, datert 3.6.2026. Løyvet vert gitt med heimel i veglova § 40-43 og gjeld avkøyrsla frå Kommunalveg Kuvågen KV1051 S5 D1 meter 227 til eigedomen gnr. 51 bnr. 499 i Bjørnafjorden kommune. Følgjande vilkår gjeld for godkjenninga:

1. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og i høve godkjent skisse.
2. Løyvet gjeld berre for bruk av avkøyrsla til følgjande føremål: 1. Naust
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 3 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 20 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere minimum 20 meter. Eventuelle planter o.l. i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
4. Svingradius skal vere 4 meter.
5. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
6. Ved synfaring på staden ser kommunen at søkar vil verta solidarisk ansvarleg for og halda avgjersla i hen hold til kommunal vegnorm.
7. Brukar/eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsla i den stand det er sett krav til i vilkåra.
8. Før søknad om ferdigattest skal avkøyrsla vere kontrollert av eining for samferdsel.

Vi gjer merksam på at løyvet fell bort dersom avkøyrsla ikkje er teke i bruk til nemnde føremål innan 3 år frå dags dato.

Klagerett:

Avgjerda er eit enkeltvedtak og kan klagast på etter fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå de mottar dette vedtaket. Sjå vedlagt klageskjema.

Med vennleg helsing
Agnete Haugland
Leder - Samferdsel

Per Atle Arefjord
Ingeniør - Samferdsle

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

